

## **FORSKRIFT OM OPNINGS- SALS- OG SKJENKETIDER - SYKKYLVEN KOMMUNE**

Vedteken av Sykkylven kommunestyre i sak xx/25, den xx.xx.2025 med heimel i Lov av 13. juni 1997 om serveringsverksemd § 15 og lov av 2. juni 1989 om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v. § 4-4.

### **I Opningstider**

- § 1 Innandørs serveringsstader kan halde ope til kl. 0130 **søndag – torsdag**.  
Innandørs serveringsstader kan halde ope til kl. 0230 **fredag og laurdag**.
- § 2 Utandørs serveringsstader kan halde ope til kl. 0100 **søndag - torsdag**.  
Utandørs serveringsstader kan halde ope til kl. 0200 **fredag og laurdag**.
- § 3 Serveringsstader utan skjenkeløyve kan ha same opningstid som skjenkestadane.

### **II Skjenketider**

- § 4 Skjenking av øl og vin kan skje **frå kl. 0800 til kl. 0100 søndag - torsdag**.  
Skjenking av øl og vin kan skje **frå kl 0800 til kl. 0200 fredag og laurdag**.
- § 5 Utandørs skjenking av øl og vin kan skje **frå kl 08.00 til kl. 0100 søndag – torsdag**.  
Utandørs skjenking av øl og vin kan skje **frå kl. 08.00 til kl. 0200 fredag og laurdag**.
- § 6 Skjenking av brennevin kan skje frå kl 1300 til kl. 0100 **alle dagar**.
- § 7 For utandørs skjenking av brennevin kan kommunestyret fastsetje avvikande skjenketider.
- § 8 **På julaftan kan skjenking av øl og vin skje frå kl 0800 – kl 1500. Skjenking av brennevin kan skje frå kl 1300 – 1500.**
- § 9 **På 17. mai kan skjenking av øl, vin og brennevin skje frå kl. 1500. Vekedag avgjer tidspunkt for avslutting av skjenkinga.**

### **III Salstider**

- § 10 **Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 kan skje slik:**
- **Kvardagar kl. 0800 – 2000**
  - **Laurdagar og dagar før helligdagar kl 0800 – 1800**
  - **Dagen før 1.mai og 17.mai kl. 0800 – 2000\***
  - **Onsdag før Kristi Himmelfartsdag kl 0800 – 2000**
  - **Pinse-, påske-, jul- og nyttårsaften kl 0800 - 1800**

**\* såframt det ikkje er ein laurdag, då er salstida slutt kl 1800.**

**Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk skal ikkje skje på søn- og helligdagar, 1.mai og 17.mai.**

### **IV Andre bestemmelser**

- § 11 Kommunestyret kan fastsetje redusert opningstid og skjenketid for den einskilde serveringsstad.

- § 12 Formannskapet kan gi dispensasjon frå reglane etter særskild søknad når det ligg føre særlege grunnar.

#### **V Iverksetjing av forskrifta**

- § 13 Forskrifta trer i kraft straks.  
Frå same tid vert forskrift om opnings- og skjenketider, Sykkylven kommune, FOR-1998-06-29-665 oppheva.

Forskrifta erstattar forskrift vedteken av Sykkylven kommunestyre i sak 49/98, og seinare endra av Sykkylven kommunestyre i sak 7/07.